

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

- Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 12. februar 2012, kl 20.00 – 21.30.
- Til stades frå styret i Bygdelaget: Bjørg Samland, Gerd Ingeborg Haugen, Sidsel Haugen, Hallvard Samland, Ole-Gisle Vassel.
- Til stades frå styret i Barnehagen: Ingrid Stranden Haavik, Birthe Torgersen, Tone Belsnes, Ingrid Blokzjil, Kjellaug Hoås Samland.

Styret i Herand Barnehage og foreldre var invitert til møtet for å få informasjon om situasjonen for vidare drift av barnehagen.

### **Sak 1, Herand Barnehage.**

Etter styremøte 16. januar 2012 kunne styret presentera eit svært gledeleg økonomisk resultat for drifta av barnehagen i 2011. Dessverre vart denne gleda svært kortvarig.

Onsdag 8. februar 2012 vart representantar for styret kalla inn til orienteringsmøte med kommunen der vart det presentert ein alvorleg feil i den kommunale reknemodellen for fastsetjing av det offentlege barnehagetilskotet.

I etterkant har styret motteke utskrift av fullmaktsvedtaket om tilskot for 2011 og 2012 til Herand barnehage, sak 002/12 av 11.02.2012. Herand Bygdelag har iflg. nye berekningar i kommunen fått ca kr 310.000 for mykje utbetalt i 2011, pga. feil i reknemodellen.

Dette beløpet vil verte trekt frå utbetalingane i 2012, skriv Rådmannen i vedtaket i saka om offentleg tilskot.

Styret i bygdelaget vurderer det slik at eventuelle feil i modellen for berekning av det offentlege tilskotet ikkje er tilskotsmottakaren sitt ansvar.

På denne bakgrunn gjorde styret vedtak om å klage saka inn for politisk handsaming i Jondal formannskap.

Rådmannen opplyser at første møte i formannskapet er 7. mars 2012. Styret vonar at klagesaka vert handsama då.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.